



Jørgen Olsvoll

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2866 - 14/9509

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
eli.bjorklid@meland.kommune.no

Dato:
17.06.2014

Manuell utbetaling av produksjonstilskot 30/2. Søknadsomgang vinter 2014.

Administrativt vedtak. Saknr: 158/2014

Meland kommune tek klagen til følge og godkjenner at føretaket Jørgen Olsvoll org.nr.:912225542 har rett på ein meirutbetaling av produksjonstilskot for søknadsomgangen vinter 2014 med kr.4880,-. Vedtaket er heimla i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 17.06.2014. Av søknaden går det fram at du i samband med søknad om produksjonstilskot i januar 2014, hadde gitt opp feil tal storfe.

Rett tal skal vere 2 ammekyr i kode 118 – ammeku med minst 50% kjøttferase, og vidare to andre storfe i tillegg til dei dyra som vart oppgitt i søknaden slik at dyr i kode 117 avkom av kyr av minst 50% kjøttferase i alt vert 4. Meland kommune godtek at desse dyra manglar fordi søker ikkje har forstått fullt ut korleis søknadsskjema skal fyllast ut.

Nå talet på dyr aukar, aukar og avløysartilskotet. I tildelinga frå SLF går det fram at tilskotet basert på 2 kjøttfe og 11 sau tilsvarar kr.6639.

No er utrekningsgrunnlaget 6 storfe og 11 sau. Etter førebels satsar gir dette eit avløysartilskot for 2014 tilsvarande kr.17247,-.

Nytt utrekna tilskot:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dyretal:

kode 117	andre storfe/kjøttfe	4stk.	sats pr. dyr kr. 400,-	= kr. 1600,-
kode 118	ammeku/kjøttfe	2stk	sats pr. dyr kr.4080,-/2	= kr. 4080,-
kode 137	sauer/over eit år	11stk	sats pr. dyr kr.1362,-	= kr.14586,-

Sum tilskot husdyr = kr.20266,-
kvalitetstilskot for lammeslakt = kr. 2060,-

Sum utrekna tilskot i alt = kr.22326,-

Tilskot som alt er utbetalt = kr.17446,-

Rest tilskot til manuell utbetaling = kr. 4880,-

Vedtak

Meland kommune tek klagen til følge og godkjenner at føretaket Jørgen Olsvoll org.nr.:912225542 har rett på ein meirutbetaling av produksjonstilskot for søknadsomgangen vinter 2014 med kr.4880,-. Vedtaket er heimla i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.

Klagefristen over vedtaket er tre veker frå brevet er motteke. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Meland kommune.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Eli Bjørklid
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen, landbruksavdelinga

Mottakere:
Jørgen Olsvoll